

Ungdom som bruker Cannabis

**Sosiologisk avhandling om myter og fakta
vedrørende ungdommars bruk og
eksperimentering av cannabis, og om
sammenhengen til andre rusmidlar
og kriminalitet.**

Innhald

1 Innleiing	sidetal
1.1 Forord	3
1.2. Problemstilling	4
1.3.1 Innleiing – sosiologisk teori	5
1.3.2 Innleiing - praktisk teori	6
2 Metode	
2.1 Metode	7

3 Resultat

Del 3.1

3.1.1 Ungdomstida	9
3.1.2 Kva er narkotika?	11
3.1.3 Kva er cannabis?	11
3.1.4 Korleis verkar THC?	12
3.1.5 Kva er stoffets skadeverknad?	12
3.1.6 Cannabis sine positive sider.	17

Del 3.2

3.2.1 Kor mange har prøvd cannabis?	17
-------------------------------------	----

Del 3.3

3.3.1 har cannabisbrukarar felles kjenneteikn?	24
--	----

Del 3.4

3.4.1 Debuten	27
3.4.2 Fører cannabis til heroin?	30

Del 4 Cannabis praktisk erfaring

4.1 Framgangsmåte	32
4.2. Utalingar fengselsgruppa	33
4.3 Kommentrar til fengselsgruppa	36
4.4 Internet gruppa	37
4.5 Kommentar til Internettgruppa	44

5 Avslutting

5.1 Summering og avslutting	44
5.2 Litteraturliste	47
5.3 Liste over tabellar	48
5.4. Liste over Internet sider	49

1 Innleing

1.1 Forord

Når dette skrives sitter eg i Bergen Fengsel lukka avdeling. Eg sit på den mest attraktive avdelinga som heiter; avdeling M. M står for motivasjon, her sit halvparten for seksualforbrytingar, desse går i frivillig program for å endre livstil og seksualvanar. Den andre halvdelen sit for i hovudsak vold og narkotikahandel. Sjølv sit eg her på ein 3 år og 6 månader dom for innføring av meir enn 15 kilo hasjisj til Noreg frå Nederland. Det at eg no vel å skrive ei oppgåve om ungdom og cannabis, har bakgrunn i ei spesiell interesse i temaet, men og med ein risiko for å mangle den naudsame nøytralitet som bør kjenneteikne eit godt sosiologisk arbeid. Eg tar likevel utfordringa ved at eg i hovudsak byggjer oppgåva på statistikk og materiale innsamla av andre fagpersonar.

Det å sitte i fengsel når ei slik oppgåve skal lagast, har ein del ulemper; tilgang til Internet er tildømes sterkt avgrensa. Det er og tungt å måtte studere og skrive åleine, utan dei gode diskusjonar med andre studentar og lærarar som normalt vil være ein viktig del av studietida.

I sosiologien (Giddens) lærer me teoriar om at dei som vil lykkast i eit seinmoderne samfunn, er dei som har eit narsissistisk vesen, som raskt toler omstillingar i det dei fokuserar på nye mål. Utan å gi meg sjølv noko diagnose som narsissistisk, tar eg Giddens undervisning til etterretning. Eg nyttar derfor soningstida til å fullføre studiar, og å bruke dei mogleikane som det gir å sitte her saman med den marginaliserte samfunnsgruppa som fangar i fengslar er. På slutten av denne oppgåva gir eg derfor noko utradisjonelt plass til ulike sitat frå fangar om temaet cannabis; bruk, missbruk, erfaringar og legaliseringsspørsmålet. Parallelt gir eg også plass til nokre utdrag frå ei prateside på Internet, som er eit forum for ulike grupper med felles interessa; cannabis. Desse representerer om ikkje den integrerte del av samfunnet, så i alle fall ei meir resurssterk og politisk orientert gruppe enn fengselsgruppa.

Når konklusjonane skal trekkjast vil eg fyrst og fremst byggje på den litteratur som andre fagfolk har gitt ut. Dette fordi kvalitetssikkinga på mine eigne innsamla materiale vanskeleg kan verte god nok i den situasjonen eg er i. Funksjonen for det eige innsamla materialet vert fyrst og fremst å gi stemme til nokon av dei som temaet rører ved. Kanskje materialet og kan gi inspirasjon til vidare undersøkingar.

Til slutt vil eg takke mastergradstudent i kriminologi og ekstravakt i Bergen Fengsel; Inger Helen Sandvik med hjelp og inspirasjon i arbeidet med denne oppgåva.

1.2 problemstilling

Eg ynskjer å presentera fylgjande problemstilling:

”Gjennom media og frå politi og politikarar, kjem stadige varslar om det aukande narkotika problemet, mellom ungdom. Sterke åtvaringar om bruk av cannabis som porten til narkotikahelvetet og kriminalitet er kjende påstandar. Moralske panikkar? Eller reelle samfunnsproblem? kor utbredt er bruk og eksperimentering av cannabis blant unge i Noreg? Kva kjenneteiknar ungdommar som brukar cannabis? Kvifor debuterar dei med cannabis og kva samanheng er det mellom bruk av cannabis og andre rusmiddel? Korleis tolke funna i lys av sosiologisk teori?”

Slik eg ser det har sosiologien to hovudoppgåver. Det eine er ved mellom anna å samle empirisk materiale, å vise korleis samfunnet faktisk fungerer. Det andre er å forstå og forklare samanhengen om kvifor samfunnet er slik det er. I denne oppgåva vil eg vise at det er til dels store forskjellar på empiriske fakta, og det som kan synast som den allmenne oppfatning om temaet. Det er derfor gitt stor plass til gjennomgang av empirisk materiale henta frå statistikkar og litteratur; ca 8 sider. Vidare har eg også sjølv gjort empiriske undersøkingar som ikkje er publisert gjennom andre kanalar tidlegare og som eg derfor ser føremåls teneleg å presentera i sin heilskap i denne oppgåva; ca 11 sider. Totalt er oppgåva på 45 sider, men med fråtrekk av dei 19 sidene som her omtala, har eg med andre ord halde meg innafør malen.

Problemstillinga kan synast omfattande! Eg skal skrive ei oppgåve om bruk og eksperimentering av cannabis mellom ungdom i Noreg. Eg vil handsama ulike datamaterialar for å finne ut kor mange ungdommar som har prøvd cannabis. Eg vil skilja mellom eksperimentering og bruk. Med eksperimentering meiner eg at ein har prøvd eit stoff ein eller nokre få gongar. Medan bruk er når man utviklar eit jamt bruksmønster. Eg vil sjå på utviklinga over tid, spesielt den aukinga ein såg av bruk av rusmiddel på slutten av 1990 talet, og korleis denne trenden ser ut til å snudd dei siste åra.

Eg vil og prøva å sjå kva som skil ungdom som prøver cannabis frå dei som ikkje gjer det. Eg vil og skilje mellom dei som eksperimenterar og dei som utviklar eit fastare bruksmønster, eg vil vise korleis dette er to grupper med til dels ulike kjenneteikn.

Eg skal sjå på kva som kjenneteiknar ungdoms debut med cannabis, korleis debutalderen verkar på seinare bruk / missbruk og samanhengen med andre rusmiddel.

Til slutt vil eg la stemmene til marginaliserte grupper som sit i fengsel, og resurspersonar som driv eit cannabisforum, kome til ordet med deira eigne synsvinklar rundt temaet.

Undervegs vil eg diskutera dei empiriske funn, ved å nytte sentrale sosiologiske teoriar. Dei sosiologiske teoriar vert også diskutert i lys av dei empiriske funn. Dette er oppgåvas kjerne, sjølv om det ikkje er her ein finn tyngdepunktet i talet på sider og ord.

Den juridiske definisjonen av narkotikalovbrot inneber i Noreg at både bruk, oppbevaring, produksjon, omsetting og anna ulovleg omgang med stoff som i fylgje norsk lov er belagt med straff, er kriminelt. Eg vil i hovuddelen den; litteraturbaserte delen av oppgåva berre studere bruk. Eg kunne tatt for meg kriminalstatistikk og politirapportar, og studert handsaminga av narkotikasaker i Noreg, men har i staden valt å leggje sjølvrapporteringsundersøkingar til grunn for oppgåva. Kva undersøkingar dette er kjem eg attende til.

For delen Cannabis praktisk erfaring, kjem eg ikkje til å lage noko djuptgåande analyse, til det er rammene for oppgåva for små. Utalingane vil stå for seg sjølv som dømer, som i ulik grad vil gi stønad til eller motseie dei funna som litteratur undersøkinga konkluderar med. Eg vil derfor nøye meg med korte kommentarar i lys av sosiologisk teori.

1.3.1 innleiing – sosiologisk teori

Utanfrå / Struktur - Innanfrå / Aktør:

I sosiologien kan ein forenkla og dele innfallsvinkelen til samfunn og menneske i to hovudliner der eine synet er utanfrå / struktur og det andre er innanfrå / aktør.

Kultursosiologien er eit eksempel på ein retning som passar best til venstre i dette biletet. I denne skulen vil ein tildømes vektlegga korleis samfunnstrukturen reproduserar klassar, dei grunnleggande livssjansar er ulikt fordelt etter som strukturelle, politiske og institusjonelle samfunnsforhold nærast tvingar individa inn i livsbanar som dei vanskeleg og unntaksvis kan bryta ut av. Mellom anna er Mats Trondmand talsmann for denne skulen i dag, hen seier mellom anna: *”Men kultursociologien, vil jag hävda är inte bara av intresse för kultursociologer utan bör främst uppfattas som ett analytisk perspektiv tillämpbart inom betydligt flere discipliner än sociologien ock dess forskningsfält. I första hand ser jag kultursociologien eller kulturanalysens relevans for empiriska dicipliner som(oppramsingar)... men också för mångdisciplinära forskningsfält som ungdomsutbildnings-, kultur-, ock fritids-, identitets-, arbetslöshets-, organisations-, ledarskaps-, receptions- och idrotts- och hälsforskning liksom socialt arbete och empiriska studier med intresse för estetik och etik”* (M Trondmand 1999 s. 15). Me finn også Bourdieu sine teoriar om klassebestemt habitus her. Som eit alternativ og i noko grad som ein

motsetnad til dette, kan ein sjå samfunnet i lys av bytteteori, individualsime og sosialpsykologi. Anthony Giddens legg til dømes vekt på individas valmoglegleikar i det høgmoderne. Han ser individas livssjansar i samanheng med ontologisk tryggleik, som utviklar seg i møta med "dei signifikant andre". Giddens seier mellom anna: *"Det er vanskelig å finne sinnsro i en verden som er preget av høy modernitet, hvor omsorgsrelasjoner og utviklingen av felles historie med andre mennesker i stor utstrekning må skapes refleksivt. Men slike historier formidler kontekster hvor ontologisk trygghet kan opprettholdes på relativt uproblematisk vis – i det minste i spesifikke faser av et individs liv"* (Giddens 1999. s. 126) Andre sentrale syn sett frå eit individualistisk synsvinkel kan eksemplifiserast ved: *"Mangel på sosiale strukturer som gir dagliglivet et forutsigbart og kontinuerlig preg, tvinger eller fristiller individet til å ta hand om struktureringa av sitt eget dagligliv gjennom et refleksivt prosjekt* (Heggen. Jørgensen. Paugaard 2003. s. 76). Og *"Det er et viktig skille mellom dem som mestrer kravene til stadig refleksive omstillingsprosesser, og dem som ikke mestrer dem. Marginaliseringsprosesser kan knyttes til den siste kategorien. Forskjellene mellom disse to kategoriene forklarer Giddens med å henviser til forskjeller i kvaliteten på relasjonene mellom foreldre og barn i tidlig barndom* (Heggen. Jørgensen. Paugaard 2003. s. 78).

Når det gjeld den sosiale konstruksjonen av cannabis, er denne prega av tvitydnad. Mange ser på stoffet som harmlaust (Pedersen, 2003). Andre ser på det i samanheng med avhengigskap, helseskadar og alvorlege psykososiale konsekvensar. For nokon har bruken vore knytt til skadar av ulike slag, medan det for dei fleste har fungert som ein sosiokulturell markør. Bruk av narkotika ser ut til meir enn nokon gong å vera eit sosialt fenomen. Studiar av cannabis blant ungdom viser at både debut og bruk føregår ilag med jamaldrar. Det verkar som at stadig fleire ser på cannabis som eit nokså trivielt rusmiddel. Rusmiddelbruk blant ungdom inngår gjerne som ein del av ei "stilpakke" (Moshuus, Rossow og Vestel. 2002).

1.3.2 Innleiing praktisk teori

Cannabis kom som rusmiddel til Noreg på 1960 talet. Ungdommar som først prøvde hasj var dei såkalla hippiane. Cannabis- utviklinga i Noreg har hatt ulike vekstfasar, med rolige mellomparti (Skog. 1992). Fyrste sterke vekstfase var frå slutten av 1960 talet og i byrjinga av 1970 talet. Ein ny vekstfase frå slutten 1970 talet og i byrjinga av 1980 talet, medan den siste sterke vekstfasen var på slutten av 1990 talet. For deretter å gå noko attende.

Når eg i oppgåva talar om tenåringer, talar eg om aldersgruppa 13-19 år. Med ungdom forstår eg vanlegvis personar frå byrginga i puberteten til fullført utdanning og eller integrering i arbeidslivet, eller den alderen der dette hadde vore det naturlege for representantar av dei integrerte. I alle statistikkar som SIRUS har gjort rundt ungdom og narkotika er aldersgruppa 15 - 20 år brukt for å definere ungdom. Ungdom må derfor her tolkast noko etter kva samanheng det står i teksten.

Eg skil mellom illegale og legale rusmiddel. Illegale rusmiddel er stoff som er forboden ved lovgeving i Noreg, medan legale rusmiddel er tobakk, snus, alkohol, og sniffing av løysemiddel. Illegale rusmiddel vert omtala som narkotika, medan legale rusmiddel vert kalla rusmiddel.

2 Metode

2.1 Metode

Oppgåva byggjer i hovuddelen på gjennomgang av forskingsbasert litteratur og data. Fylgd av korte sosiologiske resonnement eller drøftingar av funna som vert påvist. I del 4: Cannabis praktisk erfaring, er metoden kvalitative samandrag av intervju/samtalar med fangar i Bergen Fengsel og ulike utdrag frå eit prateforum på Internet; Norcan. Meir om dette i del 4.

Datagrunnlaget litteraturdelen.

Professor i sosiologi Willy Pedersen er ein av Noregs fremste forskarar på temaet ungdom, sosialisering og rusmiddel. Willy Pedersens bok "Bittersøtt" baserer sine tall frå forfattarens eigen undersøking "ung i Norge". SIRUS har sidan 1968 gjennomført årlege undersøkingar av ungdom i alderen 15-20 år i Oslo om bruk av rusmiddel. I 1986 vart ein tilsvarande undersøking føretatt på landsbasis, medan det frå 1990 er gjort begge typar undersøkingar årleg. For nokre år sidan vart begge desse undersøkingane slått saman til eit spørjeskjema som nå kallast "ungdomsundersøkelsen", "Ung i Oslo" og "Ung i Norge". Nå sendes det same spørje skjemaet til to representative utval av ungdom i aldersgruppa 15-20 år samstundes, eit utval bland ungdom busett i Oslo og eit utval som omfattar heile landet, inkludert Oslo. kvifor SIRUS har vald å dele mellom Oslo og resten av landet, ser ein tydleg på forskjellane som kjem fram i talmaterialet. Oslo har ein klart høgare del av ungdom som prøver narkotika, samanlikna med resten av landet.

"Ungdom, livstil og rusmidler" (ULR) er ein longitudinell forskingsstudie der respondentane vart fylgd over ti år. Ein longitudinell studie er slik det kjem fram av namnet ei studie der ein

fulgjer respondentane over lengre tid, og slik får grep om livsløp og prosessar (Ringdal, 2001). Eit hovudmål er å studera endring og stabilitet over tid. I ULR fylgde forskarane 2020 elvar frå grunnskulen og til vidaregåande skule i Oslo, Asker, Bærum, og Skedsmo med ein aldersspreiing frå 12- 19 år (Pedersen, 1992). Føremålet med undersøkinga var å identifisera bruksmønstrar for rusmiddel og knytte dei til kjenneteikn ved dei unge og deira miljø. Den viktigaste metoden har vore å innhenta data frå jamt utsendte spørjeskjema. Dette gir god oversikt og presis informasjon, men kunnskapen kan verte noko smal og overflatisk. For å bøta på dette valde forskarane bak ULR ut mindre grupper frå same utval for kvalitative intervju. I bøkene til Willy Pedersen møter me til dømes Karl og Gaute. (Sjå til eksempel Pedersen 1998).

Sjølv om svarprosenten for undersøkinga er høg og ein dermed får eit godt representativt utval, har arbeidet ei svakleik i at marginaliserte grupper som har droppa ut av skulen, slike som nettopp i stor grad kan være rusbelasta ikkje er med. Undersøkinga er gjort i samarbeid med skulane.

I ULR var det eit par prosentpoeng færre ungdom som svara at dei hadde prøvd cannabis enn det var i SIRUS si undersøking. Dette kan skyldast dei nemnte marginaliserte gruppene som har falle ut av undersøkinga, men fyrst og fremst at ULR har ei anna alder samansetting enn det "Ung i Oslo" har, og at ULR hadde respondentar frå kommunar i Akershus der det er venteleg å finne eit lågare bruksmønster enn i Oslo (Pedersen 1992). Det vert derfor ikkje riktig å samanlikne desse undersøkingane, med forventning om nøyaktige resultat.

Det siste litteraturbaserte datagrunnlaget eg nyttar i oppgåva er henta frå Kjersti Ericsson, Geir Lundby og Monica Rudbergs bok; *Mors nest beste barn* (Pedersen, Lundby og Rudberg 1994) Den er skrevet på grunnlag av intervju med 57 respondentar som dei kom i kontakt med gjennom ungdomsarbeidarar ved ungdomskontoret i Oslo. Måten ungdommane vart plukka ut på gjer at det ikkje utan vidare går å generalisere funna til andre, større ungdomsgrupper. Boka er ikkje ei bok om ungdom i Noreg eller Oslo, men ei om akkurat disse 57. Men på same vis som med mine eigne intervjubaserte data, kan ein ved forsiktig tolking lære noko om livet og erfaringar til fleire enn disse.

Spørjeskjemaet som blir brukt i "Ungdomsundersøkelsen" har dei siste åra innehalde 58 spørsmål. Skjemaet har såkalla lukka spørsmål; spørsmål med faste svaralternativ. Fordelen med lukka spørsmål er at det går raskare å fylle ut spørjeskjemaet (Ringdal, 2001). Lukka spørsmål fører og til at undersøkinga standardiserast, men som med alle kvantitative undersøkingar kan det føre til at respondentane tvinges inn i svarkategoriar dei ikkje kjenner seg heime i.

Ein bør heller ikkje stole blindt på forskarane som har gjennomført undersøkingane. Det kan ha oppstått feil både under datainnsamlinga og handsaminga av materialet. I tillegg til praktiske feil kan også forskarar trekke tolkingar og konklusjonar i ei retning som er påverka av eigne meiningar og synspunkt. Eg vil personleg leggje vinn på å sjå materialet i eit nøytral lys, men som tidligare brukar og distributør av Cannabis kan eg og komme til å farge materialet i ei retning som kanskje sprikar noko i forhold til det vanlege i ei slik oppgåve.

3 Resultata

Del 3.1

3.1.1 Ungdomstida

Ungdomskultur er i seg sjølv eit ord som ein vanskeleg kan gi noko definisjon eller utøymande drøfting. Sosial praksis og væremåte vert ein integrert del av ungdomskulturen. Kultur er noko anna enn lausrevene enkelthandlingar eller eit standpunkt i ei sak. Sosiologien gir mellom anna denne definisjonen på kultur:

”Menneskers samfunnsmessige overførte (tillærte) levemåter og vaner, om deres materielle og i bred forstand, åndelige miljø” (Sosiologisk leksikon. 1997).

Dei unges fritid føregår i større grad enn før på avstand frå foreldra og andre vaksne. Og i heimen er det ofte slik at foreldra ikkje deltek direkte eller har umiddeleleg innsyn i kva dei unge heldt på med seg i mellom (Helland og Øia. 2001). Ein stor del av dei unges samvær seg imellom er på rommet til ungdommane i umiddleg fysisk nærleik til føresette. Men der føresette likevel ofte ikkje veit kva som føregår eller vert snakka om bak dørene. Utviklinga har i dei seinare åra vore akselererande med den auka tilgangen dei unge har til kommunikasjonsmiddel som sms, e-post og prate- forum på Internet. I tenåra får jamaldra stadig større plass i dei unge sitt liv som den signifikante andre. Rollemodellar vert funne mellom dei unge sjølv. Dette er eit bilete som stemmer godt med Giddens teoriar om modernitetens kompetansekrav som skapar ei kulturell kløft mellom generasjonane. Verda forandrar seg så fort at foreldra ikkje har naudsynt kunnskap for vidareføring til borna, som då i større grad vert sosialisert av dei jamaldra. I kultursosiologien finn me andre teoriar som legg vekt på at segregering mellom gruppene kan sjåast i samanheng med den kulturelle kapital som fyljer individa frå oppveksten og som mellom anna gir ulik språkkompetanse i møtet med skulen. Dette gir opphav for ulike grupperingars sosiale fellesskap og samhald. Ein finn saman i grupper; ”oss og dei andre”. For elevar med bakgrunn frå det som tradisjonelt er rekna som arbeidarklassen, eller for born av framandkulturelle minoritetar vert skulemiljøet

ein usikker arena, med framand språk og kultur som kan møtast med motstrategiar og auka risiko for marginalisering. For andre grupper som kjem frå heimar med høg kulturell eller økonomisk kapital, er sjansane gode for at skulearenaen vert ein stad med integrering i læremiljø og høgkulturelle aktivitetar. Slik utviklar ungdom ulike miljø der noko er inn og noko er ut, det vert oss mot dei andre (Mads Trondmand 1999).

For mange er ungdomstida den vanskeligaste tida i livet, mykje skal skje på kort tid. Kroppen forandrar seg, nye kjensler kjem til, hormona kokar i kroppen. Ein får impulsar og påverknad frå mange hald – skule, familie, vener, reklame, media, osv. Mange val som får konsekvensar for resten av livet er påkravd. Ein utviklar si identitet som tenåring meir enn kanskje noko anna periode i livet.

Marginalitet er noko som kjenneteiknar ungdomsrolla generelt i vårt samfunn. Willy Pedersen seier det slik:

” Med ”marginalitet” menes gjerne en flytende mellomposisjon, i gråsonen mellom integrasjon og ekskludering (...) slik begrepet gradvis er blitt definert, er den marginale – mer eller mindre- ekskludert fra arenaer og virksomheter som regnes som viktige. Samtidig er det fortsatt noe åpent over tilstanden. Begrepet prøver å fange et uheldig forløp, men sikter samtidig mot noe dynamisk og bevegelig. Flere dimensjoner er relevante; arbeid, kultur, sosiale forhold, levekår.. (Pedersen i Helland og Øie. 2001 s 29.).

Marginalitet kan i nokon samanhengar være forbundet med noko positivt, men er fyrst og fremst eit ord som inneheld ei forståing av ein prosess med sosial utstøyting, og personlege problem (Helland og Øia. 2001). Den næraste assosiasjonen til marginalisering er problem som mistilpassing i skulen, vold, rusmissbruk, subbkulturelle gjengar med låge tersklar for kriminell handling. Andre formar for marginalitet kan være angst, depresjon, spiseforstyringar, etc. Ungdomstida er ei tid då det for mange kan være vanskeleg å seie nei og stå for dei meiningar ein eigentleg har. Ynskje om å verte akseptert i gjengen, kan ofte verte prioritert høgare enn det å være seg sjølv og stå for egne meiningar. Ein del ungdommar fortel at dei røykte hasj fordi ”alle andre gjorde det”. Ein vert ikkje naudsynt direkte pressa, men ein ynskjer å være ein del av fellesskapet og gjer det ein forventar at dei andre i miljøet forventar av ein sjølv (Hansen. 2001).

Dette er vert støtta av den interaksjonistiske sosiologiske synsvinkel. Goffman har i sine teoriar om roller, vist korleis identitet vert skapt i møtet mellom aktørar.

Ein konsekvens av dette er at mange formar ei identitet i ungdommen som kan verte ganske ulik den man i utgangspunktet skulle forvente eller ynskje.

3.1.2 Kva er narkotika?

Lille norske leksikon skriver at narkotika er samlenamn for;

” ...sløvende, bedøvende, stimulerende og smertestillende midler. Til gruppen narkotiske stoffer hører opiatene (morfin, metadon, heroin) og kokain, cannabisstoffene (hasjissj og marihuana), hallusinogene stoffer som LSD, sentralstimulerende midler, først og fremst amfetaminer...” (Lille norske leksikon 1993).

Douglas Husak definerer narkotika som;

” Any substance other than food which by its chemical nature affects the structure of the living organism” (Husak i Ervik, 1997s 219).

Narkotika vil i denne oppgåva vere felles begrep for illelegale stoff som ikkje er skriva ut til medisinsk bruk, anten det er tale om bruk, oppbevaring, produksjon eller omsetting og anna ulovleg omgang med stoff som i fylgje norsk lov er belagt med straff.

Narkotika er ulike stoff som gir heilt motsette verknader, samstundes som det ikkje er eit ord som kan brukast om lovlege stoff med same verknad som tobakk, te og kaffi. Dersom me delar stoffa inn etter svak og sterk verknad eller effekt, klarar me heller ikkje å skilje mellom legale og illegale stoff. Ein kan då spørje om narkotika dreier seg om stoff som myndigheta ynskjer å kontrollere? Kva då med alkohol og nikotin, myndigheta prøver jo å utøve kontroll over desse stoffa og? Nils Christie og Kjetil Bruun konkluderar på dette resonnement at narkotika ikkje finnes. Det finnes stoff som me kallar narkotika, men narkotika er ikkje i seg sjølv ein logisk kategori. (Christine og Bruun. 1996).

Slik visar det seg at narkotika er eit kulturelt avhengig fenomen. Kva som reknast som narkotika i eit land må sjåast i samanheng med kva handlingar og stoff som kjem i konflikt med landets lovar. For å forstå kva som ligg i uttrykket narkotika, kræves spesifikke juridisk vurderingar.

3.1.3 Kva er cannabis?

Cannabis er det mest utbreidde illegale, altså narkotiske stoffet i Noreg. Cannabis er felles kategori for stoffa; hasjissj, marihuana og cannabisolje (Fakta om cannabis. 2002). Cannabis Sativa, er ei hardfør grasrot som trives i subtropisk og tørt klima, men som kan dyrkas nær sagt over alt.

Cannabis kan røykjast åleine eller rullas saman i tobakk i sigarettar. Blanda ut i varmt vatten kan ein konsumere marihuanaen som te. Eller blanda den i mat.

Cannabis inneheld meir enn 400 stoffar, ca 60 av desse tilhøyrer dei kjemiske stoffa cannabinoidane, som gir den rusande verknaden av stoffet. Det viktigaste av desse stoffa er tetrahydrocannabinol – THC. Ein del cannabinoider gir verknader på menneskekroppen, men ingen rus. Dette er spesielt interessant i medisinsk samanheng.

3.1.4 Korleis verkar THC

Bellønningssystemet i hjernen gjer oss ei oppleving av velbehag og lyst til å gjenta handlingar. Bellønningssystemet høyrer til den delen av hjernen som er vesentleg i forhold til følingar og evne til innlæring (Søndergård. 1999). Det finnes ulike signalstoffar som påverkar bellønningssystemet. Dei fleste rusmidlar liknar hjernens signalstoff i kjemisk oppbygning. Forskjellige typar av hjerneceller kan meir eller mindre tilpasse seg dei framande stoffa. Når så stoffa ikkje lenger vert tilført, oppstår ubalanse i hjernen. Det er derfor missbrukarar får abstinensar i form av psykisk og fysisk ubehag med meir.

Rusen varierar mykje frå person til person og frå gong til gong. Rusing er ei form for personlegdomsendring, det vil seie at ein oppfører seg annleis enn til vanleg. Cannabis påverkar sansar, følingar og sinnstilstand hjå brukaren. Verknaden vil vera avhengig av brukarens personlegdom, forventningar til stoffets verknad og brukarens dags humør og psykiske tilstand. Det ser ut til at cannabis rus må lærast; at ein må ha dei rette forventningar til rusen. (Stemmer ikkje heilt med eigen erfaring)

3.1.5 kva er stoffets skadeverknad?

Kari Hafseng gir denne definisjonen på avhengigleik;

”Avhengighet kan defineres som en tilstand som følger av samvirket mellom et stoff - for eksempel et medikament – og brukeren av stoffet. Karakteristisk for tilstanden er at brukeren har sterk trang til regelmessig å innta stoffet for å oppnå en psykisk eller fysisk virkning, eller for å motvirke det ubehaget som oppstår når stoffet ikke tilføres.” (Hafseng. 1998 s 17).

Ein skil mellom fysisk og psykisk avhengigleik.

Fysisk avhengigleik:

”Fysisk avhengighet oppnås når et stoff skaper slike forandringar i organismen at vi ikkje uten videre kan slutte å tilføre stoffet.” (Hafseng.1998 s 18)

Fysisk avhengigleik er kroppens avhengigleik av et stoff (Christie og Bruun.2000). Ved reduksjon av, eller stopper man heilt å tilføre et stoff i tilfeller der fysisk avhengigleik er

etablert, reagerar kroppen med fysiske forstyrringar; det er dette som vanleg vis ligg i ordet abstinensar.

Psykisk avhengigleik:

Ved psykisk avhengigleik er det ikkje slik at det er kroppen som stiller krav, men at opplevinga var så god at man vil ha meir av det same. Hafseng skriv;

”Psykisk avhengighet er en psykologisk betinget tendens til å foretrekke kjemisk hjelp til mestring av problemer” (Hafseng. 1998 s 17).

Bruk av Cannabis kan gi akutte helseskadar, (i samanheng med trafikkulykker eller liknande) kroniske helseskadar, (luftvegsskadar, bronkitt, hoste og mogleg auka kreftfare) og psykososiale konsekvensar (amotivasjon). Cannabis fører til at merksemda konsentrerast innover og at kontakta med verda omkring vert svekka. Brukaren sjølv tykkjer kanskje at kontakten vert forsterka, men for edruelege tilskodarar vil ein sjå at kontakten vert brotvis og meningslaus.

Det kan og oppstå ubehaglege verknader av rusen. Opplevingar av angst, forsterkning av negative følingar, frykt eller apati er ikkje uvanleg. Dei negative fysiske reaksjonane er auka puls, irriterte luftvegar, tørr hals og munn og kvalme. Reaksjonstida forlengast, evne til avstand- døming vert dårleg, smerteføling dempas eller kan og verte meir intens. Ein kan få muskelrykkingar og ustø gange, og nokon kjenner sterk svolt og tørste. Det er svært vanleg å verte søt-sjuk. Ved eksperimentell bruk er risikoen for helsa heller liten. Men meir omfattande bruk kan sannsynlig føra til luftvegslidingar, svekka utvikling og lågare vekt hjå foster, og kortvarige psykotiske reaksjonar. Det er og påvist samanheng med bruk av cannabis og schizofreni (Pedersen.1998). Sistnemnte er noko omdiskutert kor vidt cannabis i seg sjølv gir schizofreni eller om den fyrst og frems fungerer som ein katalysator, som ein utløysande faktor på personar som er berarar, og er disponert for sjukdommen.

Ein verknad av langvarig bruk kan være at eins kognitive funksjonar svekkast. Ein vert dårlegare til å hugse og til konsentrasjon, ein får problem med å forstå og tolke verda omkring seg, samt eigne følingar. Bruk av cannabis har negative psykososiale konsekvensar (Pedersen.1998). Viktigast synest å vera ein negativ effekt på evna og viljen til å ta på seg vanlege roller i arbeid, skule og familieliv. Ulike statistikkar visar og samanheng med bruk og auka sjansar for å verte involvert i ikkje- stoffrelatert kriminalitet. Ein slik synsvinkel tyder derfor på at dagleg cannabisbruk sjeldan går saman med ein ansvarleg og aktiv livsførsel.

Her er det viktig å stille spørsmålet om den forskinga som eg her visar til, har stilt det naudsynte spørsmålet om kva som kom fyrst av høna og egget? Det er ei kjend sak at dei som er mest utsette for å utvikle misbruk av stoff, er samanfallande med marginaliserte grupper som ville komme dårleg ut på dei same statistikkar enten dei har eit cannabisbruk eller ikkje. Det er lett å seie at folk som bruker cannabis er overrepresentert på kriminalstatistikkar og så konkludera med at cannabis fører til kriminalitet. Men om ein ser på ein anna statistikk som viser at det er ein overrepresentasjon av skilsmissebarn som brukar cannabis så skjønar dei fleste at cannabis ikkje fører til at foreldra skil seg.

At missbruk og langvarig bruk har negative konsekvensar er heva over ein kvar tvil.

Pedersen sjølv skriv i Bittersøt at "*cannabis kan sette et tog i bevegelse*" (Pedersen. 1998)

Det er eit bilete på korleis ein ved bruk av cannabis kjem inn i ein vond sirkel. Cannabis fører til likegyldigleik som skapar nederlag, som i sin tur skapar ny likegyldigleik. For mange vert rusen så sterk at kvardagen vert grå og kjedelig i forhold.

Mange brukarar hevdar at cannabis er eit svakt stoff, som ikkje fører til fysisk avhengigleik.

Forsking visar at dette er ei overdriving, sjølv om cannabis nok gir ein markert mindre fysisk avhengigleikt enn tildømes alkohol og opiata. I ein slik debatt må ein og være klar over at det trass alt er mykje vanskeligare å behandle psykisk enn fysisk avhengigleik. Dersom ein har brukt cannabis og hatt ei positiv føling og oppleving av det, er det menneskeleg å søkje å gjenta handlinga som opplevas å gi gevinst (W.Martinussen 2001). Bruk av rusmidlar må forståas i samanheng med motivet å skape gevinst. Ein slik verdi eller gevinst er det å oppleve glede, lukke, spenning, og velvære. Det er desse positive opplevingane som fører til at mange utviklar eit bruks mønster etter først å fått smaken på tildømes cannabis, ecstasy eller speed.

Som sosiologisk teori er dette forklaringar frå eit individualistisk perspektiv.

Kultursosiologisk vil det være naturleg å peike på den sosiale samanhengen: Vanskar med å slutte kan forklarast sosialt, røykinga føregår ofte i ein sosial kontekst. Dersom ein sluttar kan det være eit brot med gruppas felles normer og forventningar. Det kan være vanskeleg å slutte med cannabisbruken og samtidig være ein integrert del av gjengen, ein risikerar sosial utstøyting. Som utbrytar frå allereie sosialt marginaliserte grupper, kan det være ei stor utfordring å finne nye sosiale grupper å integreras i. Når ein skal finne nye vener kan ein føle på manglande fellessosiale trekk. Då trekkjer det gamle miljøet, ein søkjer kanskje attende og fortsetter i det gamle mønsteret.

Det visar seg at det er vanskeleg å trekkje noko eintydig konklusjon om kva som er dei eigentlege skadeverknadane ved cannabisbruk. Forskarane er ikkje einige. Det ein også veit svært lite om er kor ofte skadane oppstår og korleis dette skjer.

Ein del unge endar på psykiatriske avdelingar til behandling av psykiske problem, som kan peike mot deira bruk av cannabis. I sjeldne tilfeller kan cannabis utløyse psykose (Søndergaard. 1999). Mange som ynskjer å slutte med cannabis visar til skadeverknadar dei sjølv meiner å ha opplevd på kroppen (Ericsson. Lundby og Rudberg. 1994).

”Vi blir litt sløvere, litt dummere, mindre aktive og kjedelige” (Liv i Ericsson. Lundby og Rudberg. 1994).

”Hasj er faktisk jævlig farlig. Bruker du mye hasj, kommer det garantert andre ting etter hvert,(...) For begynner du med hasj. Da går det rett til helvete.” (Mette i Pedersen.1998).

Kor farleg er eigentleg cannabis? Dette er på mange vis eit dårleg eller feil spørsmål. Alle rusmiddel gir i større eller mindre grad både psykiske og fysiske skadar, som må sjåast i samanheng med bruksmønster. Mykje tydar på at bruk av eit rusmiddel ikkje erstattar eit anna, men snarare kjem på toppen av dei stoffa som vert brukt frå før. (Pedersen .1992). For moderate cannabisbrukarar vil det likevel vanlegvis ikkje være noko særleg blanding av cannabis og alkohol, då dette lett fører til sterk kvalme. Mange som prøver cannabis for fyrste gong er fulle på alkohol når dei skal prøva, eit vanleg resultat er då brekkingar og spysjuka. Eit anna spørsmål er; kva er farligast av alkohol og cannabis? Her strides dei lærde, og eit av argumenta for legalisering, er at alkohol er farlegare enn cannabis. Kunnskapane om alkohol skadar er høg, medan kunnskapen om cannabis endå er liten og omdiskutert. Undersøkingar visar at unge som brukar cannabis, brukar dette i tillegg til alkohol og gjerne drikk meir og oftare enn dei som ikkje brukar cannabis. I ei undersøking til Ericsson. Lundby og Rudberg (1994) er det ingen av ungdommane som brukar illegale rusmiddel som ikkje også brukar alkohol, kva som derimot er hovud rusmiddelet varierar. Undersøkinga viser at cannabis ikkje fungerer som eit alternativ til alkohol. Ein del av ungdommane brukar berre alkohol, men det er ingen som brukar berre narkotika. Dei som brukar mest narkotika er dei same som dei som brukar mest alkohol. Ser ein desse resultatane kan ein lett trekkje konklusjon og kanskje med rette at bruk av cannabis og andre illegale rusmiddel alltid vil være farligare enn bruk av kunn alkohol. Då kan ein stille spørsmålet; kva er farligast? Alkohol eller alkohol og cannabis? Det som er vanskeleg er å vite om missbrukarar av cannabis trass alt drikk mindre alkohol enn det dei ville gjort om dei ikkje fekk tak i cannabis. Det faktum at cannabis er ulovleg, er med å gi statistikkar eit skeivt bilete. For det vil også være ein klar samanheng med bruk og marginaliserte grupper som lever i risikosoner.

Skal faren målast ut frå daudligleik, vil konklusjonen være at alkohol er klart farlegare enn cannabis. Eit menneskje må ha i seg minimum THC frå 100 brukardosar for å oppnå dødeleg dose, noko som i praktisk er tilnærma umogeleg (Søndergaard.1999). Alkohol er derimot dødeleg ved promille på rundt 5, noko som kan oppnåast ved å styrtdrikke ei flaske sprit. Eit vanleg argument for legalisering er at ”cannabis ikkje er farlegare enn alkohol og tobakk, som er stoff samfunnet fint klarar å leve med...” Alkohol og tobakksbruken utgjer kvar for seg dei to største helseproblema i Noreg, og den vestlege verden. I vår kultur er alkohol og tobakk dei beste eksempla på at legalitet og illegalitet ikkje speglar den reelle helsefare, men at det handlar om økonomiske og politiske val, kanskje også moralske panikkar. Når det gjelder dødsårsak, overgår dei legale rusmiddela dei illegale i ein størring 1-20 eller 1-30 (Goode i Ervik. 1997). Med andre ord 2-3000 % fleire dør av legale rusmiddel enn illegale.

Med slike fakta, er det vanskeleg å forstå kva logikk som ligg til grunn for den lovgiving som er på området. Talar me her om samfunnselitens symbolske makt og voldsbruk over dei svakare klassar? Eg kjem seinare til å vise at også barn av dei med høg kulturell kapital representerar ein stor del av brukarane av cannabis. Det er derfor vanskeleg sjå noko direkte samanheng mellom forbod og den kulturelle elite si symbolske makt på området. Forklaringar virke å være lettare å sjå frå ein funksjonell eller strukturell synsvinkel. Martinussen skriv: *”Funksjonalismen ser på sosiale systemer som stort sett velordnede fellesskap av mennesker, som på samme tid er samarbeidsvillige og fra fødselen av udisiplinerte. Sosial orden krever derfor mekanismer som kan skape en felles bevisshet og konsensus, og gi grunnlag for å utøve sosial kontroll”* (Martinussen. 2002 s. 278). Vidare *”Sosialisering er mer eller mindre tilsiktet av dem som utfører den og mer eller mindre erkjent av dem som utsettes for den”* (side 303). Ein kan då sjå korleis institusjonar reproduserar og opprettheld seg sjølv. Institusjonane kjempar også om godane i samfunnet, to av desse godane er makt og sosial godkjenning. For at politiet skal framstå som nyttig for samfunnet, er det viktig å ha mange og ”vonde” fiendar som skal nedkjempast. I kampen for resursar og samfunnets aksept av politiets verdi, ynskjer ein at mest mogleg skal være kriminalisert. Ved stor kriminalitet vert også behovet for politiets tenester stor. Narkotikaproblemet vert sett på som ein sjølvstendig vonde som gir politiets arbeid legitimitet. For den enkelte aktør eller medlem i institusjonen nyttar det ikkje å kome med eigne vurderingar for temaet. Ein vil då undergrave sin eigen og gruppas legitimitet. For politikarar vert situasjonen prega av det same. Ein må vise handlekraft for å styrke sin eigen legitimitet. Det dreiar seg kort sagt om kampen om pengar og makt, men også om kampen om kva institusjonar som skal definera samfunnsverdiane.

Me kan også tolka den allmenne motviljen mot cannabis og narkotika i lys av meir individuelle sosiologiske perspektiv. Då kan ein sjå at individa finn si ontologiske tryggleik i defineringsar av kven som er ”dei andre”. For å kjenne seg sjølv skapar ein fiendebilete av andre kjende aktørar som ikkje er lik ein sjølv. For individ som er integrert i samfunnet vil representantar for ulike marginaliserte grupper eller subkulturar representere slike motsette spegelbilete av ein sjølv. I kampen om verdiane, mot ”dei andre” kan demokratiet lett misbrukast som eit fleirtalsdiktatur; det fleirtalet ikkje kjenner eller likar vert forbode.

3.1.6 Cannabis sine positive sider.

Å skulle skrive om cannabisens positive sider er utfordrande, fordi det er lite faglitteratur på området. Ein del forskning er likevel gjort og i Illustrert Vitenskap kunne me i hausten 2005 lese om at hasj gir oss ny medisin mot smerter; Alzheimer, kvalme, angst, parkinson, overvekt (Illustrert Vitenskap nr 16/2005). I tillegg har det vore ulike oppslag i media om positiv effekt mot grøn stær. I mine undersøkingar på Internet på forumet Norcan, les eg at fleire brukar cannabis som sjølvmedisinering mot ADHD og MS. Fleire av desse dyrkar då og planten sjølv. Det er etter mitt syn tydeleg at myndighetene og samfunnet vil tene på å forske på og utvikle lovlege medisinar, sjølv om desse er utvikla frå ein plante som står på narkotikalista. Elles er cannabis ein gammal plante som har hatt stor plass i blant anna den Buddhistiske filosofi og religion. Dette er ein religion som kan hevdas å ha vore den minst krigslystne og aggressive av religionane opp gjennom historia.

Kanskje er den mest positive sida ved cannabis som rusmiddel, nettopp at den i motsetning til tildømes alkohol, sjeldan eller aldri ser ut til å gi aggresjon hos brukaren. Dette gjeld ikkje blandingsbruk, og er konklusjonar bygd på eigne intervju, observasjonar og erfaringar, fordi det er vanskeleg å finne relevant litteratur om temaet.

Del 3.2

3.2.1 kor mange ungdommar har prøvd cannabis

Korleis er ungdommars forhold til rusmiddel i dag? Mange rusmiddel eksisterar og dei fleste er lette å få tak i. Medan ein før måtte til storbyen for å skaffe varer, er det i dag mulig å få tak i ulike stoff sjølv på små stader.

”rusmidlene er i dag et valg, som er aktuelt for det meste af den moderne ungdomsgeneration –ikke kun de mest udsatte” (Hansen 2001 s17)

Mange vaksne har vanskeleg for å forstå dette. Dei trur at bruk av illegale rusmiddel ”narkotika” vil føre til missbruk, narkomani og tap av kontroll. For desse er ein narkoman ein

kvar som brukar illegale rusmiddel. Dei fleste brukar likevel ordet narkomani om personar som er avhengige av "harde stoff" rusmissbrukarar sjølv definerer ofte ein narkoman som ein som er sprøytenarkoman. Kva meiner ungdom? Dei fleste unngår å kalla seg sjølv narkoman om dei ut frå eigen definisjon framleis "har kontroll" med bruken. Andre meiner at dei som brukar heroin eller sprøyter er narkomane. Det verkar som ein del ungdom ikkje ser noko problem i å være brukar av rusmiddel så lenge ein ikkje mister kontrollen over bruken, eller får fysiske eller sosiale problem (Hansen.2001).

"Hvem gidder å tenke på at man blir syk av stoffene om ti år, når det er nå at livet skal leves" (Nikolaj,23 år i Søndergaar. 1999. s13).

Det klassiske narkotikaproblemet var av ein anna art før, enn mellom ungdom i dag. Før prøvde brukarane å skjula si last for omverda, og problema verka å ha individuell karakter. Narkotikabruk mellom ungdom i 2006 er i langt større grad av sosial art – eit gruppefenomen. Det knyter seg ei sosial identitet og ein eigen stil til fenomenet – det er kort sagt tale om ei sosial rolle.

Tidligere har ungdoms eksperimentering av narkotika vore ein del av eit samla uttrykk der musikkstil og val av klede inngjekk. I dag finn me ei brei gruppe av unge brukarar både når det gjeld klede, livstil og personlegdom. Rusverknadane verkar i seg sjølv å være ein viktig grunn til bruk av nettopp rusmiddel. Kva stoff ein vert rusa av verka å være mindre viktig. Dette er tendensar som vert understøtta av spørjeunderskingar i Noreg og i utlandet, samt av observasjonar av folk som arbeidar i narkotikamiljøa. Narkotikamissbruk var tidlegare eit storbyfenomen. No er det tydeleg mindre forskjell mellom by og land (Skretting. 2000). Her kan ulike sosiologiske teoriar gi ulike distinksjonar. Sett i lys av Giddens teoriar, kan det virke som om at livets valmoglegleikar, også gjeld ungdom og rus. Identitet og gruppetilknytting er eit val som fører individa inn i spesialiserte interessekontekstar. Det at rusmiljøa ikkje lenger berre er eit storbyfenomen kan forklarast av samfunnets endring mot den globale landsby. Tid og stad er krympa, informasjonsamfunnet gjer at individa uavhengig av oppvekst og kontekst vel sin identitet og interesser.

Ei anna vinkling sett frå eit individualistisk perspektiv, kan være at ungdomane som motreaksjon til modernitetens individualisering nettopp søker seg til mindre grupper og subkulturar, for der å saman med andre finne ein felles identitet.

Kultursosiologien kan peika på at risikoen for marginaliseringsprosessar i det moderne samfunn syner seg som tydligare og mot fleire grupper. Ulike push og pull faktorar skapar eit mangfald av subkulturar.

Ungdomsundersøkinga

Då cannabis kom til Noreg på 1960 talet, var det hovudsakeleg i Oslo stoffet slo rot, sjølv om bruken raskt spreidde seg til andre byar, oppretthaldt Oslo eit markert høgare forbruk enn resten av landet (Skretting.2001). Tendensen gjennom heile 1990 talet viser likevel at auken i det tyngre narkotikamissbruket har vore vesentleg større i andre delar av landet enn Oslo-området, og at den tradisjonelle forskjellen mellom storby og landet elles har minka markant. (Moshuus. Rossow og Vestel. 2002). Astrid Skretting skriv i ”Ungdom og rusmiddler” (2000) om kor stor del av ungdom som har prøvd hasj (Skretting. 2000). Ho har henta alle tala frå SIRUS årlege spørjeundersøking. Eg skal og referera ulike data frå denne undersøkinga. Fyrst vil eg visa kor mange som nokon gong har brukt dei ulike rusmiddela:

Tala hentar eg frå

Tabell 11.6 Prosent av ungdom i Noreg i alderen 15-20 år som oppgir at de noen
Har brukt forskjellige stoffer 1990 – 2005

og
Tabell 11.7 Prosent av ungdom i Oslo i alderen 15-20 år som oppgir at de noen
Har brukt forskjellige stoffer 1975 – 2005

(<http://www.sirus.no>)

For alkohol er tala i perioden 97 -99 Noreg 83% og Oslo 82% (Skretting 2000 tabell 1). Som ein forstår er det så godt som inga forskjell mellom Oslo og resten av landet på erfaring med alkohol, sniffing, og tobakk. Når det gjeld bruk av illegale stoff derimot, er det for mange av stoffa ein klar forskjell mellom ungdom i Oslo og på landsbasis. Når det gjeld tala for amfetamin, ecstasy, kokain og LSD, var delen av ungdom som nokon gong hadde prøvd dette ca dobbelt så stor i Oslo som i landet elles. Tala er små og må tolkas med varsemnd. Det er viktig å understreke at dette er tabellar over kor mange som nokon gong har brukt rusmiddela, og det er slett ikkje naudsynt at dei ville brukt noko i dag, nokon har kanskje kunn prøvd ein gong. Dette gjeld sannsynleg spesielt for illegale rusmiddel, der det har vist seg at mange faktisk prøver stoffet kunn ein eller få gonger.

Før eg fortsetter analysen vil eg nemne nokre tal frå andre land med tilsvarende undersøkingar:

I Canada er statistikken at det er ca 30% av high school elevar som brukar jamneleg cannabis medan den same delen for alkohol er berre 18 % (www.Statcan.ca).

I Årsrapport for 2005 narkotikasituasjonen i Europa, viser at tala for 15-16 åringar som har prøvd Cannabis ligg i Romania 2-3 % Noreg på ca 8 % Finland 12% Danmark 23% Tyskland og Nederland 27% Frankrike og Storbritannia 37% og på topp Den tsjekkiske republikk med 44% (Narkotikasituasjonen i Europa årsrapport 2005). (www.sirus.no).

Fordi cannabis er eit tema som har fått relativ stor merksemd i media, kan det for samfunnet virke som at bruken er større enn det den faktisk er. Da er det viktig å skilja mellom dei som har prøvd cannabis og dei som har utvikla eit fastare bruksmønster. (For ein oversikt sjå Skretting 2000 side 44-45). Medan det i år 2000 var 28,6 % av Oslo ungdommane som hadde prøvd cannabis var det på landsbasis 18,8%. Prosentdelen som derimot oppga å ha brukt cannabis i løpet av dei siste seks månadane var i år 2000 i Oslo om lag 16 % og på landsbasis ca 10 % (SIRUS). Dette fortel at det er mange som ikkje har eit regelmessig bruk. Vidare ser me at medan det tidligare var ca dobbel så mange som hadde prøvd cannabis i Oslo som i resten av landet, så har differansen minka. Medan Oslo har hatt eit relativt jamt utslag på statistikken, dei siste 25 åra, med ein liten topp i 2000 som deretter har hamna attende på gammalt jamt nivå siste åra, har resten av landet ein klar auke frå 1990 til toppen i år 2000, og deretter ein moderat nedgang fram til i dag. Den alarmerande utviklinga som folk let seg skremme av ved siste sekelskifte ser altså ut til å vore ein kortvarig topp. Likevel er dagens bruk på landsbasis nesten dobbelt så høgt som for 12 – år sidan. Det er ut frå det statistiske materialet ingen ting som tydar på at ”narkotikaproblemet” har auka dei siste åra. Tvert imot visar tendensen ei stabbelisering og mogleg attergang. Samanliknar me nedgangen mellom Oslo og landet elles verkar det og som at det for dei siste fem åra har vore ein tilsvarande lik moderat tilbakegang, men med noko ulike mønstre.

Det visar seg med andre ord at det ikkje berre er alkoholbruken som har flata ut, men også bruken av illegale rusmiddel. Dette er fakta som for mange strir stikk i strid med inntrykka ein får gjennom nyheitsoppslag, og massemedia.

Dei fleste andre stoffa har og reduserte utslag i tabellen, til dømes har bruken av amfetamin vorte kraftig redusert i Oslo medan den på landsbasis har vore rimeleg stabil frå 1998 til 2005. sidan Oslo er ein stor folkepopulasjon som er del i datagrunnlaget for undersøkinga ”Ung i Noreg” kan me konkludere med ei viss auke resten av landet forutan Oslo.

Det tradisjonelt mest skremmande stoffet heroin visar for Oslo 1992- 95 fire års gjennomsnitt på 1,525 % medan same tala for dei siste 4 år 2002 – 2005 er 0,85 nesten ei halvering.

Same tala for heroin på heile landet vert for 1992-95 er 0,775 og i perioden 2002-2005 er 0,75 omtrent likt. Sidan Oslo i denne perioden gikk så kraftig ned kan me også her konkludera med at det for landet elles er snakk om ein mulig liten oppgang.

Med denne statistikken kan ein gjera nokre konklusjonar for landet Noreg og for Oslo. Det er at tendensen til rusbruk blant unge er noko nedgåande for cannabis, både i heile landet og Oslo. Medan det for nokre andre stoff kan ha vore ei viss auke utover i landet, men der nedgangen i Oslo oppvegar dette. Sosiologisk er dette interessante funn som fører tankane til globalisering og den internasjonale landsby (Bauman. 1998). Med auka massemedia og kommunikasjonar vert forskjellane mellom by og land viska ut. Kvar enkelt aktør finner sine egne livsvegar.

Når Astrid Skretting skulle forklara auken på slutten av 90 talet foreslo ho to moglege forklaringar (Skretting 2000). Ho skriv at ei årsak kan være endring i ungdommars kjøpekraft. Her tar ho nok feil, noko som er tydelegare i 2006, enn då ho skreiv boka i 2000. Me veit at ungdom i dag har auka kjøpekraft (www.ssb.no). Prisen på hasj er den same som den har vore siste 20 åra; ca 100 kroner for grammet, medan pengeverdien har minka. Noko som fører til reel prislette. Det har og vore vanleg å forklare auken i rusbruk med auka tilgang (Krf). Når bruken no har minka sidan 2000 vil ein naturleg konsekvens i så måte være at også tilgangen har minka i denne perioden. Det stemmer neppe! Alt tydar på at tilgangen er like god eller betre i dag enn for 6-10 år sidan. Det er heller ikkje samanheng mellom bruken i dei ulike land og i kva grad dei har liberalisert lovverket. Ei tredje forklaring er at det og kan være svingingar i at nye stoff vert på moten og erstattar gamle, slik at tala for tradisjonelle illegale stoff går ned, medan rusbruken likevel er høg på stoff som ikkje er med i SIRUS si undersøking. Heller ikkje dette finne eg som noko god forklaring. Her eg sit i fengsel og skriv denne oppgåva og er omgjeven av narkotikabrukarar så vel som seljarar. Det er ingen som gir denne type teori noko stønad. Det einaste som vert omtala som eit populært rusmiddel, men som også har vore det lenge, og som ikkje er omtala i undersøkinga, er halusogenet fleinsopp. Men den vert for det meste plukka og spist av brukarar sjølv i ein kortvarig haustsesong.

Slik eg ser det, er me nøydt å finne forklaringane i andre sosiologiske teoriar- Kultursosiologisk; kan ein peika på at auka levestandar, høgkonjunktur med lite arbeidsledigleik og gode tider fører til at færre personar lever i risikosoner og marginalitet. Push og pull faktorar som i dårlige tider "tvingar" menneske inn i subbkulturar og rus vert erstatta av inkluderande tilbod i samfunnet. Kanskje? Den største utfordringa til slik teoriar, som empirien vil vise, er at spesielt i forhold til cannabis er nettopp barn av dei som

tradisjonelt er bærare av kulturell kapital eksponert. Eg er derfor villig til å gi størst tilslutnad til Giddens sosiologiske teoriar, som syner ein auka individuell kompetanse i livskritiske val. Informasjonssamfunnet utdannar aktørane til å søke informasjon, med påfølgande reflekterte val. Å velje å bruke rus, spesielt av ulovleg type aukar risikoen for negative sanksjonar og er derfor lite rasjonelt. Eit anna moment kan være at samfunnet er prega av anomi. I eit asefalt samfunn er det liten plass og behov for opprør. Når foreldregenerasjonen har gjort "alt", det som tidligare var galt, og viser forståing for ungdomars jakt etter spenning og eksperimentering, vert meininga og viljen til opprør vekke. I staden for opprør i ungdomstida, vert det ei tid for individuelle val.

Viktig er det og å nemne at nedgangen dreier seg om relative små tall og over ein fem års periode. Det vert for tidleg å konkludera med at bruksmønsteret er endeleg snudd.

La meg og konkludera med å understreka at erfaring med narkotika blant ungdom i all hovudsak dreier seg om eksperimentell bruk. For Cannabis visar tildømes ein statistikk frå Europeiske års rapport for 2005 (www.sirus.no) at gruppa 15-24 år i Noreg som har brukt cannabis siste 6 månader er det kunn tale om ca 7 %. Samanlikna med aldersgruppa 15-20 som hadde prøvd Cannabis var talet der 15 %. Sjølv om respondent gruppa ikkje samanfell heilt i alder, viser tala likevel at mindre enn halvparten av dei som har prøvd cannabis har gjort dette innan siste seks månader.

Trenden for den eksperimentelle bruken av illegale rusmiddel ser og ut til å fylje trenden for bruk av legale rusmiddel (Moshuus, Rossow og Vestel.2002). Den eksperimentelle rusbruken er nesten jamt fordelt mellom kjønn og sosial klasse.

Haldningar til cannabis.

Når det gjeld haldningar til cannabis, har SIRUS gjort undersøkingar også på dette. Dei stilte i Ungdomsundersøkinga fylgjande to spørsmål:

"Mener du at Marihuana og hasj bør kunne selges fritt her i landet?"

(SIRUS Spørreskjema 2005 spørsmål 10)

Tabell 11.8

Det ser ikkje ut til at det er mange som støttar ei legalisering i Noreg. På slutten av 1990 talet låg støtta på ca 12% for landet og gjekk så vidt over 15% I Oslo. Siste åra er dei same tala for landet ca 8% medan Oslo har nærare 10%. Dette viser at den liberaliseringa som kom på 1990 tale no har stagnert og er på veg attende.

Alders og kjønnsforskjellar.

Jamt over er det ein noko større del gutar enn jenter som oppgjer at dei nokon gong har prøvd cannabis. Denne forskjellen er større i Oslo enn resten av landet. Når det gjeld aldersforskjellen blant ungdom, så har den forandra seg ein del. Fram til 1990 talet var delen 15-16 åringar på mindre enn 5%, denne steig til oppimot 10% på slutten av 1990 talet. Delen av 19-20 hadde i same periode stege frå 12-13% til 25 %. Dei tilsvarande tala for Oslo var; 15-16 år frå om lag 7 % i 1990 til i overkant av 15% på slutten av 1990 talet. Alder 17-18 frå 15 til ca 30 %. Medan den eldste gruppa visar meir stabile tal frå 28% til 33% (Rusmidler i Noreg 2002: figur 26). Det at tala aukar etterkvart som dei unge vert eldre skyldes den kumulative effekt: At spørsmålet er kven *som nokon gong* har prøvd cannabis. Tala tyder på at det er ei auke mellom dei yngre, medan tala for den eldste gruppa er rimeleg stabile. Dette tyder på at alderen for debut er senkande.

Det er og klart færre av dei yngste som oppgjer å ha brukt cannabis siste seks månader enn i dei eldste gruppene. På landsbasis var det mellom 15-16 åringar som i perioden 97-99 sa at dei hadde brukt cannabis i løpet av dei siste seks månader 6%. Medan det var 10% i dei to eldste aldersgruppene. (Skretting. 2000 tabell 14). Gjennomsnittet for 15-20 åringar var i perioden i Noreg på 8.8% (ca 7% i 2005 for ungdom 15 – 24 år) og i Oslo på 15,7 %. Fleirtalet av disse hadde brukt cannabis mindre enn ti gonger. Det var berre ei lita gruppe 2,8% på landsbasis og 5,8% i Oslo – som sa at dei hadde brukt cannabis meir enn ti gonger siste halvår. (Skretting. 2000 tabell 13). Med andre ord, det er berre eit lite mindretal ungdom i Noreg som brukar cannabis jamleg.

Dei siste åra har det vore minskande kjønnsforskjellar i heile verda når det gjelder bruk av cannabis (Pape m.fl. i Pedersen,1998). Norske data støtter opp om dette (Skretting i Pedersen.1998). Midt på 1990- talet var det om lag like mange jenter som gutar som hadde brukt cannabis. Medan bruken av cannabis har jamn stigning i byrginga av tenåra med lik fordeling mellom kjønna, flatar jentenes kurve ut mot slutten medan gutane fortsetter og stig. (Pedersen. 1998). Dette er same tendens i alkoholkonsumsstatistikken. Pedersen skriv at cannabisbruk derfor stort sett er jamt fordelt mellom kjønna i yngre aldersgrupper, medan tyngre bruk og bruk i eldre aldersgrupper er meir utbreidd mellom menn. Etersom ungdommane vert eldre samanfell bruksmønsteret for cannabis seg med andre rusmiddel (forutan tobakk siste åra). Gradvis vert gutar og menn meir utstatt enn jenter.

Til dette kan ein stille mange spørsmål:

Kvifor ser me forskjell på jenters og gutars bruk av narkotika? Er jenter meir moralske enn gutar? Er jenter meir skeptiske til å til å prøve rusmiddel? Kvifor er det i så fall slik at det no

ser ut som om at jentene ser ut til å ha ”tatt gutane igjen” – i alle tilfelle når det gjeld den eksperimentelle bruken av cannabis? Er det ungdommars kjønnsrollar som forandrar seg? Kan det vera at gutar og jenter er meir saman på fritida enn før, og er jentene slik meir utsett for påverknad frå gutanes bruk?

Å finne svara på alle desse spørsmåla er omfattande og eit godt grunnlag for ei eige bachelor oppgåve. Eg nøyer meg derfor med nokre korte kommentarar til kjønnsproblematikken i lys av utvalte sosiologiske perspektiv: I samanheng med Giddens Høg- modernitetsteori, er det naturleg å vekke individualiseringa av samfunnet. Dersom kvar enkelt individ står åleine og fri til å velje sin eigen identitet og lagnad, er ein naturleg konsekvens at ulike kategoriseringar og klassar forsvinn. Dermed vil ein konsekvens vere flatare strukturar i statistiske samanlikningar, også når det kjem til kjønn.. Frå kultursosiologiens synsvinkel kan ein peike på politiske val som har gitt jenter like utdanningsmogleikar som gutar. Likestilling er ein politikk som gir positive, men også negative utjamningskår for individa i samfunnet.

Del 3.3

3.3.1 kva kjenneteiknar dei som brukar cannabis?

Politikarar og foreiningar som organiserar foreldre til rusmissbrukarar, framhevar ofte tydnaden av tilfeldiggleikar i misbruksutviklinga, men forskning visar at ungdom med bestemte kjenneteikn kan ha ein sterk risikoauke (Pedersen. 1992). Då cannabis kom som rusmiddel i Noreg på 1960 talet, hadde bruken samanheng med, spesielle musikkmiljø og ”fredsrørsla,” antiamerikanske haldningar, eller noko forenkla; cannabis høyrde saman med hippierørsla. Dei fyrste undersøkingane frå Oslo tyda på at delen av ungdom som hadde prøvd cannabis var størst mellom dei som hadde fedra med akademisk utdanning (Bergesen Lind i Skretting.2000). Dette varte likevel ikkje lenge. Snart fekk ungdom frå andre miljø kontakt med hasj og marihuana (Irgens-Jensen og Ruud i Skretting 2000). Det viste seg etter kvart at det ofte var ungdom med vanskelege oppvekstvilkår som utvikla problem knytt til bruken av narkotiske middel. Det tok ikkje lang tid før cannabis slo rot i dei fleste ungdomsmiljø i storbyen. Også haldningar til cannabis vart eit tvitydig fenomen. Då stoffet kom som rusmiddel til Noreg vakte det på den eine sida bekymring og panikk, hjå politi, påtalemyndiggleikar og breie lag av befolkninga. På mange vis minna reaksjonane om dei mange moralske mediepanikkane oppgjennom historia. På den andre sida vart folk fascinert. Willy Pedersen nemner ein spådom av sosiologen Brit Bergesen Lind frå 1970 talet som innebar at me skulle få to typar cannabisbrukarar: ”*motkulturens opposisjon*” og ”*moderkulturens tapere*” (Pedersen.1998). I fylgje Pedersen ser det ut til at spådommen

treffe: Me finn begge desse gruppene mellom brukarar i tenåra; ein såkalla dobbel rekrutteringsbase (Pedersen 1998). Mellom cannabisdebutantar finn ein at dei fleste sluttar etter ein eller nokre få gongars bruk, medan eit fåtal – der fleirtalet er gutar – utviklar eit meir omfattande bruk. Som nemnt er dette ei kjønnsdelinga som ser ut til å være under endring. Det ser ut til at me kan dele cannabisbrukarar inn i to hovudgrupper. På den eine sida har me ”motkulturens opposisjon”, dvs ungdom som på ulike måtar er i opposisjon til det etablerte samfunnsnormer. Dei er aktive på dei tradisjonelle arenaer - i elevrådet, i frivillige organisasjonar, og i politikken. Desse viser seg som ei gruppe engasjerte og ”sinte” unge menneske. Dei er skeptiske til mykje, men brenn for saker, og gjer sitt beste for å endre verda. I skulemiljøet vil desse utgjera ein synleg opposisjon. Mange av desse kan plasserast mellom dei som Pedersen kallar ”experience seeking” Denne gruppa inneheldt for det meste såkalla ”eksperimentbrukarar”, dei prøver som regel stoffet berre nokre få gongar.

På den andre sida finn me ungdom som har problem av ulike slag. Det er i denne gruppa me finn dei tyngre brukarane som utviklar faste bruksmønster. Dei er skeptiske til det bærande verdigrunnlaget i samfunnet, og ser liten grunn til å innordne seg skikk og bruk og skulens regelverk. Sjølv om denne gruppas brukarar og, i ein viss forstand er opposisjonelle, er det avgjerande forskjellar mellom desse to gruppene. Dei tyngre brukarane manglar tradisjonelt samfunnsengasjement, er meir passive og har svakare band til samfunnet. Cannabisbruken i denne gruppa er knytt til opphoping av risikofaktorar, og marginaliseringsprosessar. Me finn her overrepresentasjon av sosiale problem som kriminalitet, redusert funksjonsnivå i utdanning og arbeid, og ustabile samlivsforhold. Dei kan ha dårleg mental helse, og barn av skilte foreldre har mykje større risiko enn andre - for i fylgje denne undersøkinga - å falle inn i denne gruppa.

Willy Pedersen gjorde ein studie mellom cannabisbrukarar i ungdomskuletrinnet. Han skriv: *”Det viste seg at klikkene var en synlig og viktig del av et ungdomsskolemiljø. Den omfattet en kjerne av fire-fem ungdommer som hadde tilhold i et bestemt hjørne av skolegården og på en snackbar om ettermiddagen. I ytterkant av gjengen var det flere med en løsere tilknytning. Alle på skolen var klar over at gruppa brukte hasj.”* (Pedersen.1992 s56-57).

Pedersen fant inne i same klikk dei to typane: *”moderkulturens tapere”* og *”motkulturens opposisjon”*. Felles for hasjrøykarane var likevel ein bestemt stil, og ein lyst til å prøva ut grenser, samt opposisjonelle verdiar og normer. Slåande var då dei store forskjellane i ressursar, bakgrunn, skuletilpassing og psykososiale problem (Pedersen 1992).

Økonomisk og kulturell kapital.

Tal frå ”Ung i Noreg” (1992 og 1994) visar at ungdom frå høgare sosiale lag og mellomlag har noko høgare forbruk av cannabis enn ungdom frå primærnæringane. I ”Ungdom livstil og rusmidler” fant dei små forskjellar etter klasse og kjønn, med eit unntak: Gutane frå høgare sosiale lag hadde eit noko høgare forbruk enn resten av utvalet. I ”Ung i Oslo” viste det seg at dei vestlege bydelane hadde høgast del av ungdommar som brukar cannabis.

Rekrutteringsbasa til cannabis ser ut til å være trekt i retning av dei høgare sosiale samfunnslag.

Pedersen målar kulturell kapital ut frå mengda bøker i oppvekstheimen. Han skilde mellom få (mindre enn 100) og mange (meir enn 100) bøker i heimen. I den fyrste gruppa var det 7% og i den andre gruppa 17% som svara at dei hadde brukt cannabis siste år, når dei var i inngangen til tjuetåra. Pedersen fann og ut at eit fleirtal av eksperimentbrukarane kom frå lesandes heimar der dei les Klassekampen og Morgenbladet. Medan dei med eit fastare bruksmønster kom frå heimar der interessa for slikt var låg.

Risikofaktorar.

Det finnest ulike forklaringar på kvifor nokon vert misbrukarar. Enkelte ser på misbruk som ein sjukdom, medan andre seier at det er samfunnet sin feil, atter andre ser missbruket som eit personleg ansvar. På dette finnest inga eigengyldig og allmennakseptert forklaring. Det er mange teoriar men inga sannleik. Statistisk sett kan me likevel finne mange samanhengar og likskapar mellom dei fleste ungdommane som utviklar misbruk.

Familien:

Oppvekstforhold i familien kan være skilsmisse, økonomiske problem, lite kontakt med dei andre familiemedlemmane, mykje flytting osv. Astrid Skretting fant på landsbasis at 12% av dei som budde med begge foreldra sa at dei hadde brukt cannabis medan det same gjaldt for 21 % av dei som budde med berre eine forelderen. For dei som budde med andre slektningar, åleine, med vener eller andre stadar var tala 25 %. Problem i heimen kan føra til problem, på skulen. Dette fører vidare til problem med integrering i ulike fritidsaktivitetar og vennemiljø. Sosial marginalisering aukar risikofaktoren for bruk og eksperimentering av cannabis. Men det er ikkje slik at det at foreldra er skilt er årsaka til at ungdom brukar cannabis.

Sjølvsagt kan man vekse opp i ein familie med mange og store sosiale problem utan at dei unge i familien treng å få noko relasjon til narkotikabruk. Men statistisk sett ser me at det er ein klar samheng mellom ulike sosiale marginaliseringsprosessar og risiko for utvikling av narkotikaproblem (Hansen.2001). Me kan konkludere med at det ikkje er mange med slike

negative sosiale forhold som får eit narkotikaproblem, men at mange med eit narkotikaproblem har hatt oppvekstvilkår som har vore negative.

Andre faktorar som dei unge i boka til Ib Hansen (2001) nemner er einsamleik, og ei oppleving av likegyllle frå dei vaksne rundt seg. I tenåra ynskjer dei fleste å få ha mest mogleg fridom. Dei klagar over at foreldra er for strenge, ”at alle dei andre” får lov til mykje meir enn det ein sjølv tykkjer ein får lov til. Då er det viktig å vite at foreldre som bryr seg er ein stor forsvarsfaktor mot risiko for bruk av narkotika og anna kriminalitet. Dei som har vore overlata til seg sjølv utan mange reglar og som har kunna gjort det som passa dei best sjølv, er langt meir i faresona til å utvikle eit problemfylt forhold til narkotika enn anna ungdom (Helland og Øya. 2001).

Alder:

Alder spelar og inn. Jo tidligare ein startar jo større moglegleik for problem seinare. Willy Pedersen har gjort ei undersøking på dette som viser mellom anna at jo tidlegare ein startar bruk av alkohol, jo større vert det årlege konsumet ved utgangen av tenåra. Med tidleg debut aukar faren for alkoholproblem seinare i livet. Den same tendensen finn me mellom debutalder og illegale rusmiddel. Pedersen viser korleis førebygging mot narkotikaproblem mellom anna kan gjerast ved å utsette debut alderen (Pedersen 1998).

Ein person som har psykiske problem, åtferds problem, eller låg sjølvtilitt er og eksemplar på risikofaktorar.

Kva relasjonar ein har til andre menneske er viktig. Det er ein klar samanheng mellom svake relasjonar til familie, venner og skule, og bruk av narkotika. Avbroten skulegong er eit eksempel på ein negativ samanheng knytt til bruken av cannabis (Skretting 2000). I 1999 var det på landsbasis om lag 47% av ungdommane med broten skulegong som hadde brukt cannabis, mot 17% av dei utan brot i skulegangen. I Oslo var dei tilsvarande tala 63% og 24%. Tradisjonelt har det vore naturleg å sjå risikoen knyta til tilgjenge. Astrid Skretting meiner at det høge forbruket i storbyane kan forklarast ved høg tilgjenge (Skretting 2000).

Del 3.4

3.4.1 Debuten

Willy Pedersen skriv mykje om å debutera. Samhandling mellom menneska inneber også forventningar. Som medlem eller som ein del av ei gruppe, utgjer ein ei sosial rolle, denne rollen utgjer summen av dei forventningane som rettast mot denne personen. Når rolla endrast, er det summen av forventningane som endrast. På same vis kan me tenkja oss at ting

skjer når ungdom debuterar med cannabis – eller for den saks skuld alkohol, tobakk eller har samleie for fyrste gong. I alle desse tilfella går ein gjennom debuten inn i ei ny sosial rolle. Det handlar om at det er fyrste gong. Omgjevnadane fôrhelder seg no til den unge på ein ny måte. Han eller ho internaliserar etterkvart dei nye forventningane, og handlar deretter. Gradvis skjer ei endring i identitet, sjølvopfatning, posisjon i gjengen og relasjonar til andre. Ein vert ein av ”de andre”. Pedersen skriv dette om å debutera:

”Det skjer noe når man debuterer. En endrer seg. – i egne øyne. Ved et væpnet ran, eller det å injisere narkotika, vil det at handlinga i det heletatt finner sted – at en beveger seg over denne linjen – være det sentrale.(...) Du blir en av dem – som røyker, som drikker, som bruker hasj.” (Pedersen.1998 S 43-44).

Vidare skriv Kandel at

”...personlige relasjoner kan endres. Identiteten og selvbildet kan forandres. Gamle miljøer forlates og nye mer marginale blir viktige.” (Kandel i Pedersen. 1998 s 43).

Å vera ung handlar om å testa, prøve ut, og bryte grenser; identitetsskaping. Dei unge prøver seg fram, dei lærer noko om seg sjølv, og om andres reaksjonar. Grenseutprøvande åtferd inngår i ein normalitetsutvikling.

Her er det verdt å merka seg at ungdom pregas av den såkalla kollektive misforståing. Studiar av kommunikasjon i ungdomsgjengar viste at medlemmar i gjengen ofte sendte ut signal om at dei hadde delteke i handlingar og hadde andre normer og verdiar enn det dei eigentleg hadde (Hauge i Majoritetsforståelsen 2003). Undersøkingar har vist at fleirtalet oppgjer at dei trur at dei andre drikk meir, og brukar meir narkotika, enn dei sjølv. Det er og vanleg å tru at ”alle andre” debuterar tidlegare enn ein sjølv, og at ”alle andre” har eit hyppigare forbruk enn det ein sjølv har. Det er sjølv sagt logisk umogleg at dei unge har samla rett i denne vurderinga, men denne missopfatninga kan vera ei årsak til at ungdom debuterar med rusmiddel. Dei unge trur sjølv at dei er ”seint ute” og kjenner på eit press på å ”henge med”. Denne kollektive misforståinga kan slik være ein faktor som pressar debutalderen av ulike rusmiddel ned, og samstundes aukar forbruket.

Skal ein forklare desse funna sosiologisk er det freistande å sjå funna i lys av interaksjonistisk rolle- teori (Goffman 1959)

Samanheng av alder og debut

Rusmiddelforskninga har fokusert sterkt på debutalderen, fordi det visar seg at unge debutantar har markert dårlegare prognose, enn dei som ventar nokre år (Pedersen 1998). Det meste av forskning på området, er gjort på alkoholdebut. Mykje tydar på at liknandes mønster også vil gjelde for andre rusmiddel. Statistikk frå SIRUS visar i Kilde: (Vent! 2002 : tabell 1) samanhengen mellom alkoholdebut og alkoholkonsum:

Tabellen visar kor mykje ungdom drikk i forhold til når dei debuterar, samanhengen er slåande. Dess tidlegare debut dess høgare forbruk utover tenåra. Dei som debuterar når dei er 13 år eller yngre drikk som 19-åringar 14 liter rein alkohol . Dette er tre gongar så mykje som dei som debuterar når dei er 17 år og fem gongar så mykje som dei som debuterar som 18-åringar. Ein rimeleg konklusjon er at tidspunktet for debuten har stor tydnad for seinare konsum. Det er grunn til å tru at noko av det beste førebyggjande arbeidet mot narkotika er ved å hindre røkjestart og tidleg alkoholdebut og konsum. Dersom det stemmer at bruk av svake stoff fører til bruk av sterkare stoff, så vert i praksis alle stoff like farleg, og må kjempast mot med same intensitet (Christie og Bruun.2000). Men me har sett at det er atskillig færre som kjem i kontakt med cannabis, enn det er som brukar legale rusmiddel. Det ser og ut til at cannabisbrukarar har andre kjenneteikn enn dei som lar det halde med bruk av legale rusmiddel. Desse kjenneteikna er med og påverkar debutalderen og på den måten den vidare utviklinga. Bruk av legale rusmiddel kan derfor sjås som ein naudsynt men ikkje tilstrekkeleg føresetnad for cannabisdebut. Utviklinga av rusmiddelmissbruk er eit samspel mellom individuelle faktorar, handlingsmønster, som gradvis festar seg, og omkringliggjande miljø som kan auke eller redusere sjansane for at misbruk skal skje. Det er derfor meir enn debuten me målar konsekvensane av, også tydinga av dei forholda som ligg bak og kjenneteikna ved desse. Det er grunn til å tru at desse som debuterar tidleg allereie er i ei risikosone før dei debuterar.

Ei rekkje studiar visar at drikkemønster hjå ungdom minnar om det ein finn hjå foreldra, andre vaksne i nærmiljøet, venner og jamaldra (Barnes i Pedersen.1998). Biddle med fleire fann at foreldras påverknad føregjekk særleg gjennom deira haldningar og norma til rusmidla, medan vennene særleg påverka gjennom si åtferd altså bruk (Biddle med fleire i Pedersen 1998).

Rimar desse funna med Giddens modernitetsteoriar? Eller ser me klassiske reproduksjonsmønster etter modell av Bourdieu klassebestemte habitus. Mykje tydar på at fridomen til å velje identitet ikkje er noko som gjelder alle. Samstundes er det heller ingen automatikk i at dårlege grunnvilkår automatisk fører til marginalitet og overdrevi rusbruk.

Individa har moglegleik til å velje seg ein anna livsveg enn den foreldre er prega av. Men det er tydeleg at desse vala i stor grad vert påverka av eins næraste omgjevnader.

3.4.2 Fører cannabis til heroin?

Ein kjend teori går ut på at etter ei tid med cannabis, vil brukaren gå over til sterkare stoff.

Kanskje er det ein eim av sannleik i ein slik påstand, men mykje tydar på at sjølv dei som etter ei lang tid har brukt sterkare stoff, så sluttar dei ikkje med cannabis (Pedersen 1998).

Det er tydleg at cannabisen gir ein eigen verdi også for brukarar av harde stoff. Ein anna teori er at dei som brukar cannabis etterkvart vil prøve sterkare stoff fordi dei vankar i miljø der dei vert tilbydt slike stoff (Pedersen 1998). Om denne teorien er gyldig vil nok variera frå person til person, miljøa som brukar cannabis er svært ulike. Om teorien stemmer er den vel også eit argument som passar best for dei som er for legalisering av cannabis og ikkje for motstandarane! Ved legalisering og kontroll, vil dei kunne argumentere for at ein skil lettare og tyngre rusmiddel.

Forskning visar ein klar samanheng mellom bruk av cannabis og alkohol. Ungdom som eksperimenterar med cannabis har ofte starta med alkohol (Vent!. 2002). Undersøkingar visar og at cannabis ikkje fyrst og fremst er eit alternativ til alkohol, men snarare noko som vert brukt i tillegg. Mellom dei som har ein meir omfattande erfaring med cannabis er det og ein større del som har prøvd amfetamin, ectasy, LSD og opiata. Skretting (2000) har vist at det er ein klar samanheng mellom bruk av ulike narkotiske stoff. Har du prøvd eit stoff er det også meir sannsynleg at du har prøvd andre stoff. Skretting finn at denne samanhengen gjeld både for eksperimentbrukarar og dei med eit meir regelmessig bruksmønster.

I ("Vent!, 2002: tabell 9.) visar oversikt over *"Prosentandel blant ungdom i aldersgruppen 15-20 år som har brukt forskjellige narkotiske stoffer, sammenlignet med antall ganger de har brukt cannabis (1999-2001). For Noreg og Oslo."*

Mellom ungdom på landsbasis som har brukt cannabis meir enn 50 gongar har 58% prøvd amfetamin 42% ectasy 15% heroin og 35% sniffa. Tendensane er like for Oslo med for i dei fleste tilfelle noko mindre utslag. Slike tabellar er med og byggjer opp under myta om at cannabis er ei "inngangsdør" til dei andre illegale stoffa, og at stoffmissbrukara er blitt missbrukarar presis fordi dei byrja å røyke hasj. Det stemmer at cannabis kan være ein stasjon på veg til hardare illegale stoff. Men dette er ikkje ei deterministisk samanheng. I 1992 rekna ein med at over 250.000 nordmenn hadde prøvd cannabis (Pedersen 1992). I dag ein god del fleire. For nokon få har cannabis fungert som ein mellomstasjon til eit varig og destruktivt

stoffmissbruk. Risikoen er såleis relativ liten: Det store fleirtal av dei som debuterar med cannabis kjem aldri i kontakt med tyngre illegale stoff, og endar slett ikkje som sprøytemissbrukarar.

Det er riktig at nesten alle som brukar eller har brukt heroin, har hatt cannabis som fyrste ulovlege stoff. På den andre sida er overgangen frå cannabis til heroin på nokre få prosent. Ein Britisk rapport om temaet seier at statistiske analysar avdekkjer at bruken av milde og harde stoff begge er uttrykk for dei same underliggande personlege problema, snarare enn at milde stoff vert ein årsaksfaktor til bruken av harde stoff (Gateway. 2002). Samstundes ser me at dei som brukar cannabis har dramatisk auka risiko for å utvikle eit forhold til andre stoff. Men det er usikkert om og i kva grad denne samanhengen skyldes cannabisbruken.

"We`ve shown that the marijuana gateway effect is not the best explanation for the link between marijuana use and the use of harder drugs. (...) The people who are predisposed to use drugs and have the opportunity to use drugs are more likely than others to use both marijuana and harder drugs." (Gateway. 2002).

Det er og viktig å forstå korleis eit tidlegare forbruk av dei legale rusmiddela som tobakk og alkohol på same måte er ei "inngangsdør" til cannabis. Debutalderen har stor tyding for seinare bruk og missbruk. Tidligare var avstanden mellom bruk av legale og illegale rusmidlar markert større enn det den er i dag (Pedersen. 1998). Blandingsmissbruk er vorte eit mykje meir typisk mønster no enn det var tidligare. Men det er likevel berre dei færreste som røyker og drikker som brukar narkotika.

"...de fleste slutter. De gir seg, får kjæreste, barn eller gudstro!"

(Christie og Bruun. 2000).

Mellom dei som hadde brukt ecstasy, kokain, amfetamin eller heroin siste år var samanhengen slåande: Mellom ikkje brukara av cannabis var det berre 2% som hadde brukt slike stoff.

Mellom eksperimentbrukara av cannabis var talet 18 % og mellom faste cannabisbrukarar var talet heile 57% (Pedersen 1998). Det kan derfor være nyttig å ta utgangspunktet i motsett ende. Christie og Bruun skriv i *Den gode fiende*

"...at derfor kan man faktisk forutsi med nesten fullstendig sikkerhet at et menneske som røyker hasj, aldri vil komme til å anvende heroin. Det er bare når en vet at en person allerede anvender heroin, at man tilnærmet kan forutsette at personen tidligere har røykt hasj."

(Christie og Brun. 2000)

Rekrutteringstien

Fleire studiar tydar på at rusmidla introduseras i ei bestemd rekkefylgje (Kandel i Pedersen, 1998). Fyrst prøves eit rusmiddel så eit anna og så eit tredje – i ein bestemt orden. Dei fleste forskarar er einige om dette. Det viste seg at mellom ungdom som aldri hadde prøvd tobakk, var det 2% som hadde prøvd cannabis. Mellom dei som røykte meir enn 15 sigarettar kvar dag hadde heile 51% prøvd cannabis. Mellom dei som hadde drukke meir enn 15 liter rein alkohol per år, var det 47% som hadde prøvd cannabis. Dei som har brukt cannabis ser altså ut til å være godt fortruleg med bruk av tobakk og alkohol. Det ser ut til å være ein tilnærma lineær samanheng: Jo større forbruk ein har av tobakk og alkohol, jo større sannsynleg dom for cannabisdebut. Det er med andre ord vanskeleg å sjå for seg at nokon prøver cannabis utan ein fôrutgåande sosialisering til bruk av legale rusmiddel. Men også her finnest det sjølvstilt ulike miljø med storforbruk av både tobakk og alkohol, utan at cannabis vert introdusert. Men der cannabis slår rot er det vanleg med utstrakt bruk av legale rusmiddel.

4 Cannabis praktisk erfaring

4.1 Framgangsmåte

Før eg avsluttar oppgåva og trekkjer konklusjonar, ynskjer eg å høyre og leggje fram synspunkt frå personar som sjølv har ulike erfaringar med cannabis. I utgangspunktet prøver eg å være nøytral og la personane sjølv komme til ordet med det dei måtte ha på hjarta om cannabis og eller andre rusmiddel. Utvalet vert ikkje tilfeldig, i og med at eg ynskjer å gi to spesielle grupper høve til å være med:

Fengselsgruppa:

Den eine gruppa reknar eg som den marginaliserte og resursfattige. Desse finn eg i Bergen Fengsel på noko som vert kalla motivasjonsavdelinga. Eg sit her som ein av dei innsette, og har utvikla ei form for venskap med dei fleste. Me bur saman 24 timar i døgeret og delar mellom anna felles kjøkken og opphaldsrom. Å være saman i ein slik situasjon i lang tid, gjer at ein får god kjennskap til dei enkelte aktørar i fellesskapet. Alle 30 som sit her er plukka ut av fengselsleiinga som kandidatar som verkar å være motivert for eit liv utan kriminalitet ved lauslating. Halvparten sit for seksualforbrytingar og går i program for dette. Medan den andre halvdel, inklusiv meg sjølv sit for narkotika, drap, vald osv. Ut frå dei samtalar eg har hatt med innsette vil eg tru at om lag halvparten av dei som sit i seksualsaker har erfaring med illegale rusmiddel, medan ca 90% av dei som sit for andre forhold har slik erfaring. Nøyaktig

kartlegging av dette fekk eg ikkje lov til å gjennomføre av leiinga i fengselet, men det er eit skjønn som ligg til grunn etter å ha budd saman med desse personane i over 8 månader. Det er kjend for alle på avdelinga at eg tar utdanning, og at eg skriv ei oppgåve om cannabis. Eg har spurt dei fleste om dei har noko synspunkt om tema som dei ynskjer å dela med meg for bruk i oppgåva, av 13 spurte har 12 sagt seg villig til dette. Spørsmålet som eg stiller er ulike formuleringar i retning: *”kva erfaring og synspunkt har du til temaet cannabis som du legger vekt på og som du synest eg bør skrive om i oppgåva mi?”*

Eg brukar oppdikta namn på samtalepartnaren, medan alder og hovudpunkta som vedkommande er dømt for er med i introduksjonen. Eg skriv ikkje inn ord for ord, men gir eit kort referat som eg visar til respondenten, eg spør denne om det eg har skrive stemmer med det han ynskte å seie, og så har me i fellesskap redigert utalingane. Eg prøvar å unngå å legge føringar om kva tema som respondenten skal utale seg om, slik at dei står fritt til å legge vekt på til dømes eigen erfaring eller politiske meiningar. Materialet er innsamla i Mars 2006

Internet gruppa:

Den andre gruppa skulle eg finne på prateforum på Internet som heiter Norcan (www.norcan.org). Dessverre fekk eg av fengselet svært avgrensa tid til å finne relevant materiale på denne sida og då eg til slutt slapp til låg sida nede P.g.a. overbelastning i samband med at ei ny dyrkarhandbok vart lagt ut gratis i forumet. Eg har tidlegare vore på nettstaden i fleire hundre timar og reknar å kjenne godt til innhaldet. I dette diskusjonsforumet finnes meir enn 30.000 innlegg, med over 1000 medlemmar. Som erstatting har eg måtta gå til søsterorganisasjonen i Sverige; Swecan (www.swecan.org). Her er medlemstalet på over 3600 og godt over 303.000 innlegg. Med kunn 8 timar til disposisjon seier det seg sjølv at eg ikkje kan gå djupt i materialet. Eg har likevel prøvd å finne ulike sitat som eg oppfattar å være representative for noko av innhaldet. Alder og bakgrunn for den enkelte av skribentane har eg ikkje fått høve å undersøke, men etter å ha undersøkt deira eigne presentasjonar av eit utval på 33 stk. er alderen for desse frå 14 til 48 år, med gjennomsnitt på 23 år. Eg prøver å leite etter ulike utsegn som verkar relevant i forhold til denne oppgåva, og som er typiske for diskusjonsforumet. Eg presenterar 12 innlegg. Materialet er henta 18-21 april 2006.

4.2. Fengselsgruppa: (moderkulturens taparar?)

Fridtjof 24 år. Fikk dom som 18 åring. Dom; 18 år for drap. Dømt etter rasismeparagrafen:

”jeg skulle bare ønsket at jeg hadde komme bort i hasjen lenge før, da tviler jeg oppriktig på at eg hadde sitti i fengsel i dag. Jeg kom bort i et voldelig og alkoholisert miljø som tok helt av, debuterte med alkohol som 13- åring. Etter et år hadde eg allerede utviklet et helgemissbruk med flatfyll . Eg tror ikkje eg hadde drept noen om eg hadde rusa meg på hasj istede for alkohol. Alkoholen gjør dei gæern, mens hasj gjør dei snill og fredelig. Eg prøvde ikkje hasj før eg kom i fengselet jeg.”

Lillebjørn 28 år. Dom; Mange dommar; denne og neste ca 2 år for ran, vold, biltjuveri, narkotika med meir:

”jeg starta med alkohol når eg var ca 11 og med hasj i 12-13 årsalderen, tabbelettar og amfetamin i 15 årsalderen, brukte sprøyter når eg var 16 år, slutta et år senere. Gikk over til steroider i 20 årsalderen, etter det gikk det gærnt. Jeg har vært rusmissbruker i mange år, jeg tror ikkje cannabisen er så farlig i seg sjæl, det beste er om di legaliserer den. Da slipper du alle, spesielt de yngre som blir eksponert for andre farligere stoffer og miljø når dem skal kjøpe varene. Jeg tror eg kan drikke en pils eller to, men eg kan ikkje røre no narko for da går det galt.

Sebastian 41 år. Dom; 8 år og 6 måneder for større mengder narkotikahandel. Rekna som leiar i organisert kriminelt miljø:

